

# **FORPROSJEKT**

Kommunestrukturen i Vest-Telemark



# **SLUTTRAPPORT**

Prosjektperiode: april 2015 - mai 2016

15. august 2016

Prosjektleiar Kjell Gunnar Heggenes

# Innhold

SLUTTRAPPORT	1
Innhold	2
Bakgrunn	3
Mandat for oppstart av forprosjektet	4
Organisering	4
Sentrale hendingar i prosjektperioden	6
Økonomi	7
Rammeavtale for ekstern bistand i forprosjektet	7
Kjøp av tenester	7
Kjøp av tenester frå andre utanfor rammeavtala:	7
Rekneskap	7
Internt arbeid i kommunane og administrativ prosjektleiing	7
Informasjonsplan	8
Dokument	9
Konklusjon og vegen vidare	10
Konklusjon	10
Vegen vidare	10
Begrep og forklaringar	11

## Bakgrunn

Saka om kommunereform var oppe til handsaming i Vest-Telemarkrådet første gong 18. mars 2014. Til møtet låg det mellom anna føre eit formelt vedtak i Kviteseid kommune der Vest-Telemarkrådet vart bede om å finansiere og gjennomføre ei utgreiing om dei 6 Vest-Telemarkkommunane som *ein* framtidig kommune. Det låg føre forslag til mandat for eit forstudium etter PLP-metoden, der ein på eit overordna nivå skulle avklare fordelar og ulemper ved ei samanslåing. Dette som grunnlag for eit mogleg vedtak om å gå vidare til eit forprosjekt. I påvente av rapportar frå hhv. referansegruppa i det sentralt nedsette ekspertutvalet og frå utgreiingsarbeid i regi av Vinje kommune, vart saken utsett til rådmøtet 27. mai.

Til møtet 27. mai låg utgreiinga frå Vinje kommune føre saman med justert forslag til mandat for eit forstudium. Under handsaminga av saka kom det fram at Fylkesmannen i Telemark saman med KS skulle arrangere oppstartkonferanse i slutten av august. På denne bakgrunn vart saken utsett til 2. september, der det vart gjort fylgjande vedtak:

*«Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til mandat for forstudiet "Kommunereform i Vest-Telemark" med fylgjande endringar: I tillegg til prosjektgruppe og arbeidsgruppe opprettar ein også ei referansegruppe beståande av representantar frå dei tilsette. Gruppa skal bestå av 1 Hovudtillitsvalt og 1 hovudverneombod frå kvar av kommunane Dei tilsette sine organisasjonar vel kven som skal delta.»*

*Når det gjeld prosjektgruppa skal både ordførarane og rådmennene inngå i denne.*

*Forstudiet skal ligge føre til rådmøtet 25. november, og deretter handsamast i kvart enkelt kommunestyre for å avgjere om ein skal gå vidare med eit forprosjekt eller ikkje.»*

Forstudierapporten vart handsama i rådsmøte 25. november, der det vart gjort slikt vedtak:

*«Vest-Telemarkrådet har drøfta dokumentet "Kommunereforma - Forstudie for kommunane i Vest-Telemark". Dokumentet blir lagt fram for Vest-Telemarktinget 2. desember, og sendt over til kommunane i Vest-Telemark for vedtak om eventuell deltaking i eit forprosjekt slik det går fram av kapittel 11 i forstudiet.»*

I tråd med vedtaket fekk Vest-Telemarktinget nærmare orientering om saken i sitt møte 2. desember 2014 der saken vart teke til vitande. I samarbeid med rådmennene vart det deretter utarbeidd saksframlegg for handsaming i dei 6 kommunestyra. I saksframlegga vart det lagt til grunn at forprosjektet skulle omfatte 2 alternativ:

- *Ein kommune i Vest-Telemark*
- *Oppretthalde alle kommunane, med ei forplikting om meir interkommunalt samarbeid*

Fylgjande vart lagt til grunn:

*Atterhald: Dersom færre enn seks kommunar vel å delta i forprosjektet, skal saka attende til ny handsaming i kommunestyra.*

*Forprosjektet skal sjå på sterke og svake sider ved dagens kommunestruktur og vurdere dei to alternativa i høve til den framtidige utviklinga i regionen med tanke på å utvikle eit godt tenestetilbod, syte for god rekruttering av fagfolk, gjera regionen meir attraktiv og bli ein meir slagkraftig region i Telemark og landet som heilskap.*

*Forprosjektet skal synleggjera fordelar og ulemper for den einskilde kommune og danne grunnlag for mogleg deltaking i eit hovudprosjekt.*

*Alternative utgreiingar: Dette forprosjektet er ikkje til hinder for at den einskilde kommune kan vere med i andre forprosjekt saman med andre kommunar.*

*Andre alternativ innanfor regionen kan inngå i forprosjektet med finansiering gjennom Vest-Telemarkrådet. Dersom kommunane ynskjer andre alternativ utafor Vest-Telemarkregionen, er det sjølvsagt i orden, men finansierast ikkje av fellesmidlar gjennom Vest-Telemarkrådet.*

## Mandat for oppstart av forprosjektet

I ekstra rådsmøte 17. mars 2015 vart det bestemt at ein skulle sette i gang arbeidet med forprosjektet, og det vart gjort slikt vedtak:

*«Vest-Telemarkrådet startar opp forprosjektet og ber prosjektleiar setje i gang arbeidet frå vedtaks dato. Fyrste møte i styringsgruppa for prosjektet vert fastsett til 11. mai kl. 9.00 i næringshagen i Kviteseid.»*

*Retningar som er klare for vidare arbeid i forprosjektet er:*

- *Vidareføring av dagens kommunestruktur med meir forpliktande samarbeid.*
- *Mogleg samanslåing av Seljord, Nissedal og Kviteseid. Her er det føresett at Kviteseid kommunestyre fattar vedtak i komande møte 7. mai.*
- *Mogleg samanslåing av Fyresdal og Tokke.*

*Andre aktuelle alternativ nemnt i politiske vedtak, er samanslåing av Tokke og Vinje og samanslåing av Fyresdal, Tokke og Vinje. Desse 2 alternativa er gjenstand for nærmere samtaler mellom dei aktuelle kommunane.*

*Samrøystes vedtak.»*

## Organisering

Det vart nedsett ei styringsgruppe for forprosjektet beståande av ordførarane og rådmennene i dei seks kommunane, saman med *ein* hovudtillitsvald og *eitt* hovudverneombod. Styringsgruppa har hatt til oppgåve å fylge arbeidet i arbeidsgruppene, avklare prinsipielle spørsmål og ha ansvar for å utarbeide og sette i verk ein plan for å informere og få innspel frå innbyggjarane og dei tilsette. Møte i styringsgruppa har i enkelte høve vore kombinert med møte i Vest-Telemarkrådet. Styringsgruppa peika ut rådmannen i Kviteseid kommune, Øystein Tveit til å være prosjektansvarleg (PA).

Forprosjektet har hatt fylgjande organisering:

**PE:** Kommunane i Vest-Telemark

**PA:** Øystein Tveit, Rådmann i Kviteseid kommune

**PL:** Kjell Gunnar Heggenes, adm. VTR

**Styringsgruppe:** Ordførarane, rådmennene, ein hovudtillitsvald og eitt hovudverneombod (14 totalt).

Prosjektarbeidet er styrt og gjennomført etter prosjektmetodikken omtala i «PLP-metoden», som også er nytta i dei fleste prosjekt kommunane samarbeider om i Vest-Telemark. Metodikken legg opp at prosjekt kan delast opp i tre faser og er skildra under.



PROSJEKTPROSSEN -  
KOMMUNESTRUKTUREN I VEST-TELEMARK

# PROSJEKTFASENE



**Forstudiefasen:** Kommunane gjennomførte forstudiet for å finne ut om det var grunnlag for ei mogleg samanslåing av kommunar i Vest-Telemark. Rapporten tok for seg analyse med kartlegging av forventa resultat, økonomi og omfang av eit vidare arbeid. PL: Hans Kristian Lehmann. Prosjektperiode: september 2014 - mars 2015.

**Forprosjektfasen:** Med utgangspunkt i faktagrunnlag knytt til konkrete samanslåingsalternativ, fekk kommunane fram positive og negative sider knytt til tenester, økonomi, demokrati, samfunnsutvikling, myndighetsutøving og overordna styring. Nedsette forhandlingsutval laga intensjonsavtaler som danna grunnlag for folkehøyring og handsaming i kommunestyra. Konklusjon: Det er ikkje politisk grunnlag for samanslåing av nokon av kommunane. Eit eventuelt hovudprosjekt vil rette seg mot meir forpliktande interkommunalt samarbeid. PL: Kjell Gunnar Heggenes. Prosjektperiode: mars 2015 - mai 2016.

**Hovedprosjektfasen:** Denne fasen tar føre seg realisering av prosjektet.

## Sentrale hendingar i prosjektperioden

Dato	Hending
<b>02.september 2014</b>	Vedtak i Vest-Telemarkrådet om igangsetjing av forstudie  Rapport frå forstudie klar. Tiltråding: Utgreiing av to alternativ. 1: Éin kommune i Vest-Telemark. 2: Dagens struktur med auka interkommunalt samarbeid
<b>01.november 2014</b>	
<b>17.mars 2015</b>	Vedtak i Vest-Telemarkrådet om igangsetjing av forprosjekt
<b>20.mars 2015</b>	Stortingsmelding: «Kommunereformen – nye oppgåver til større kommunar»  Oppstart forprosjekt. Telemarksforsking er ekstern utgreiar. Prosjektleiar er Vest-Telemarkrådet. Fire utgreingsalternativ:  1. «Seljord+Kviteseid+Nissedal». 2. «Tokke+Fyresdal». 3. «Tokke+Vinje». 4. Vidareføre dagens struktur med auka interkommunalt samarbeid.
<b>01.april 2015</b>	
<b>09.april 2015</b>	Kommunestyret i Seljord vedtek å gå inn i eit forprosjekt med «Lifjell rundt»-alternativet, samt eit forprosjekt med Bø, Sauherad og Nome.
<b>08.juni 2015</b>	1. Forhandlingsmøte. «Seljord+Kviteseid+Nissedal» forhandlar, det gjer også «Tokke+Fyresdal».
<b>23.juni 2015</b>	2. Forhandlingsmøte. «Tokke+Fyresdal».
<b>17.august 2015</b>	3. Forhandlingsmøte. «Seljord+Kviteseid+Nissedal» forhandlar, det gjer også «Tokke+Fyresdal».
<b>14.september 2015</b>	Kommuneval
<b>29.oktober 2015</b>	Kommunestyret i Vinje vedtek å ikkje gå vidare med samanslåingssamtaler med Tokke.
<b>02.november 2015</b>	4. Forhandlingsmøte. «Seljord+Kviteseid+Nissedal»
<b>17.desember 2015</b>	Kommunestyret i Seljord vedtek å gå vidare med forhandlingar med «Lifjell rundt» minus Bø kommune – det vil seie Hjartdal, Notodden og Sauherad.
<b>04.januar 2016</b>	Rapport frå Telemarksforsking er klar.
<b>28.januar 2016</b>	Kommunestyra i Kviteseid, Nissedal og Seljord vedtek å nytte innbyggjarhøyring + folkeavstemming om samanslåingsalternativ.
<b>16.februar 2016</b>	Kommunestyret i Tokke vedtek å ikkje gå vidare i prosess med Fyresdal.
<b>17.mars 2016</b>	Kommunestyret i Seljord vedtek at intensjonsavtale for «Seljord+Kviteseid» samt «Seljord+Hjartdal+Notodden+Sauherad» skal ut på innbyggjarhøyring.
<b>31.mars 2016</b>	Kommunestyret i Kviteseid vedtek at intensjonsavtala for «Seljord+Kviteseid» skal ut på innbyggjarhøyring.
<b>23.mai 2016</b>	Folkerøysting i Seljord og Kviteseid med fleirtal om å halde fast på dagens kommunestruktur.

# Økonomi

## Rammeavtale for ekstern bistand i forprosjektet

Det vart gjennomført anbod for å sikre god fagleg rettleiing i arbeidet, og kontrakten har ei ramme på 1.000.000,-. Avtalepart er Telemarksforskning som har bidrige med rådgjeving for gjennomføringsprosessen, og bistått forhandlingsutvala og arbeidsgruppene. Dei har også gjennomført spørjeundersøkingar og laga faktagrunnlag dokumentert i egne rapportar.

Oppdraget har vore styrt av prosjektleiar (administrasjonen i Vest-Telemarkrådet), og bestillingane til Telemarksforskning har til ei kvar tid vore tilpassa det pågående arbeidet.

Konkret har Telemarksforskning sine bidrag til prosjektet vore: Generell fagleg rådgjeving knytt til planlegging og gjennomføring, spørjeundersøkingar, intern prosessrettleiing, sekretariat på forhandlingsmøta samt utforming av rapportar.

Rammeavtala for bistand er gjeldande frå 8. april 2015 til utløpet av august 2016.

## Kjøp av tenester

Kjøp av tenester er knytt til konto «frå andre (private)». Her inngår også andre tenester som programmering av nettsider og andre tenester knytt til prosjektgjennomføringa.

Totalt 2014-2016: **984.397,- kr** (Tal per 15. august 2016).

## Kjøp av tenester frå andre utanfor rammeavtala:

- Høgskolen i Søraust-Noreg: Info-film
- Somzagt: Etablering og tilpassing av prosjektnettsida: [www.kommunestrukturivesttelemark.no](http://www.kommunestrukturivesttelemark.no)
- Vest-Telemark Blad: Grafisk utforming, trykk og distribusjon av informasjonsbrosjyre til innbyggerane.
- Innkjøpskontoret: Bistand med gjennomføring av anbod og avtalar

## Rekneskap

Post	Regnskap 2014 - 2015	Regnskap 2016	Totalt
Matvarer, leige av lokaler (møtevirksomhet)	50 742	15 088	65 830
Porto - utsending av brosjyre til alle hustander	13 320		13 320
Annonse, reklame, informasjon, informasjon	41 272		41 272
Inventar og utstyr/gebyr/lisens	4 280	50	4 330
Konsulenttjenester / frå andre (private)	644 650	339 747	984 397
<b>SUM</b>	<b>754 264</b>	<b>354 885</b>	<b>1 109 149</b>

**Merk:** Rekneskapstal per 12. august 2016, med forbehold om mindre justeringar.

## Internt arbeid i kommunane og administrativ prosjektleiing

Administrativt arbeid i Vest-Telemarkrådet innebærer rolla som koordinator og prosjektleiarar som syter for gjennomføring av vedteken plan i tett samarbeid med PA. Arbeidet i administrasjonen i Vest-Telemarkrådet og timane til administrasjon og politikarar i kommunane som har deltatt aktivt i arbeidet er ikkje tatt med i kostnadsbiletet når ein sett økonomisk status i prosjektet.

# Informasjonsplan

Prosjektet har gjennom heile prosjektperioden lagt vekt på tilstrekkeleg åpenhet og informasjonsflyt frå fellesarbeidet. Ein såg det teneleg å utforme ein informasjonsplan for prosjektet.

Prosjektet har hatt fire målgrupper, dei er sett opp i prioritert rekkefølgje:

1. Kommunestyrerepresentantar i dei aktuelle kommunane
2. Administrativt tilsette i kommunane
3. Innbyggjarane i Vest-Telemarkkommunane
4. Den interesserte offentlegheita i Noreg


Målgruppene skal adresserast gjennom følgjande kanalar/verkemiddel:

- Eiga heimeside, [www.kommunestrukturivesttelemark.no](http://www.kommunestrukturivesttelemark.no)
- Spørjeundersøking på heimesida
- Videosnuttar
- Facebooksidene til kommunane
- E-post til kommunestyrerepresentantar + administrativt tilsette
- Media
- Kjell Gunnar Heggenes sin blogg
- Eiga spalte i Vest-Telemark Blad
- Informasjonsbrosjyre i posten
- Folkemøter
- Informasjon på skular og i lag og foreningar
- Innbyggjarhøyring

Dette førte til at mellom anna følgjande vart gjennomført:

- Ein etablerte ei frittståande nettside der all informasjon løpende vart lagt ut (sjå: <http://www.kommunestrukturivesttelemark.no> ).
- Det vart produsert fire informasjonsfilmar som omhandla:
  - Om prosessen i Vest-Telemark
  - Kva er eigentleg ein kommune? Om bakgrunnen for reformen
  - Kva er eit forhandlingsutval og ein intensjonsavtale?
  - Innbyggjarhøyring – kven bestemmer i kommunereformen og korleis går det føre seg?
- Ein forma ei brosjyre med informasjon til alle innbyggerane som vart distribuert til alle husstandane i Vest-Telemark.
- Ein valgte å ikkje opprette Facebook-side for det samla prosjektet, men heller kanalisere innspel frå publikum gjennom ei spørjeundersøking der ein kunne melde inn sine meiningar. Denne blei systematisert og delt med styringsgruppa i det pågående arbeidet. Mange av kommunane hadde sine eigne Facebook-sider knytt til den pågående prosessen.
- Prosjektleiar etablerte blogg og artikkelporfolio i Vest-Telemark Blad under overskrifta «Prosjektleiars hjørne».

Kommunane har gjennomført innbyggarinnvolvering med folkemøte, opunonsundersøking og folkerøystingar. Kommunestyrevedtaka har



Bilde over: <http://www.kommunestrukturivesttelemark.no>

## Dokument

På prosjektet si nettside (<http://www.kommunestrukturivesttelemark.no>) finn ein fylgjande dokument knytt til prosjektarbeidet:

- Kommunestyrevedtak Tokke
- Kommunestyrevedtak Nissedal
- Kommunestyrevedtak Fyresdal
- Kommunestyrevedtak Kviteseid
- Kommunestyrevedtak Vinje
- Vedtak kommunestyret Seljord
- Referat FT 14. januar 2016
- Referat SNK 2. november 2015
- Utkast intensjonsavtale Tokke-Fyresdal
- Intensjonsavtale SHNS
- Utkast intensjonsavtale Seljord-Kviteseid-Nissedal
- Intensjonsavtale Seljord-Kviteseid
- Rapport - Kommunestruktur Vest-Telemark
- Innkalling 2. november
- Rapport - Interkommunalt samarbeid
- Innkalling og program 4. desember
- Prosjektplan
- Innspelsundersøking - rapport 30.10.2015
- Oppsummering spørjeundersøking i.k.s.
- Plan for interkommunale arbeidsgrupper
- Referat 17. august SKN
- Referat 17. august FT
- Referat 8. juni 2015 Seljord-Kviteseid-Nissedal
- Referat 8. juni 2015 FT
- Referat 23. juni 2015 FT
- Referat 23. juni 2015 SKN
- Vedlegg til forhandlingsmøte 17. august
- Rapport\_om\_folketal-næringsutvikling-økonomi\_TMF
- Mandat – forstudie kommunereform i Vest-Telemark
- Rapport forstudie 2014
- Utskrifter frå handsaminga i VTR

## Konklusjon og vegen vidare

Forprosjektet har hatt fokus på utgreiing og utarbeiding av intensjonsavtaler for følgjande alternativ:

- Samanslåing av Seljord, Kviteseid og Nissedal
- Samanslåing av Tokke og Fyresdal
- Samanslåing av Tokke og Vinje
- Vidareføring av dagens kommunestruktur med ei forplikting om meir interkommunalt samarbeid

### Konklusjon

På bakgrunn av dei politiske vedtaka i kommunane er det ikkje grunnlag for å gjennomføre samanslåing av kommunar i Vest-Telemark.

### Vegen vidare

Kommunane skal i nær framtid handsame prosjektspesifikasjon utforma av rådmennene. Denne skildrer vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet i regionen.

Prosjektspesifikasjonen bygger på rapporten frå Telemarksforsking som også oppsummerer arbeidet i dei interkommunale arbeidsgroupene.

# Begrep og forklaringar

- PE:** Prosjekteigar.
- PA:** Prosjektansvarleg.  
Har ansvar for at prosjektet gjennomførast innanfor vedtekne rammer
  - Har ansvar for at beslutningar tas, herunder at prosjektet stoppast / endrast dersom dette synast rett
  - Representerer eigarane i daglig styring av prosjektgjennomføringa
  - Er prosjektleiars nærmeste overordneda
  - Leiar av styringsgruppa
- PL:** Prosjektleiar  
Leiar prosjektet i gjennomføring av oppgaåva
  - Rapporterer til PA
- Styringsgruppe:** Ei styringsgruppe er ei formell gruppe som kan etableras etter ynskje frå prosjektansvarlig, oppdragsgjevar, ressurseigerar eller premissgjevarar. Styringsgruppa arbeider i formelle styringsgruppemøte, som haldast med saksliste, dokumentasjon og referat.